



Helgheim blir arena for innspeling av ein musikkvideo neste laurdag. (Foto: Ola Matti Mathisen)

Slik Dønhaugkjedlaren var det i 2004 blir Helgheim video-arena for det populære dansebandet EDO neste laurdag, den 13. januar. Da skal det spelast inn ein musikkvideo på låten "Bygdafest" som Ove Eikemo har skreve. Opptaket går føre seg mellom klokka 16 og 18, opplyser Eikemo til uskedalen.no..

Låta er mellom tre og fire minuttar og videoen blir sjølvsagt like lang.

Ein føresetnad for at opptaket skal bli maksimalt vellukka er at golvet blir fylt av dansarar og Eikemo ynskjer at så mange dansarar som mogeleg stiller opp og svingar seg denne laurdagsettermiddagen. Han presiserer at det ikkje blir stilt nokon bestemte krav med omsyn til dansekunnskap

- Men det er kanskje greitt å opplyse om kva slags dans det er, er det ein vals?
- Nei, det er ingen vals, vi må vel heller kalle det ein swinglåt.
- Og kva slags klede skal dansarane stilla opp i?
- Heller ikkje her er det grunn til å operera med bestemte krav, men eg kan vel seia det slik at det ikkje er naudsynt å ha på seg "siste skrik". Dansarane kan med andre ord gjerne henta fram noko dei har "på lageret".
- Blir det berre opptak frå Helgheim på videoen?
- Nei, den opnar med ein stutt sekvens frå Odda av omsyn til ein sponsor, men elles blir det berre uskedalingar å sjå – i den fine og ekte ramme som Helgheim dannar, seier Eikemo.

Musikkvideoen som vart spela inn i Dønhaugkjedlaren i 2004 og som var på låten "Lubbesild og kalde pote" har vore å finna på NRK 2 – i Dansefoto-svisj som har vore sendt om søndagsnettene.

Når EDO no satsar på ein ny musikkvideo skjer det etter mange oppmodingar.

"Bygdafest" er å finna på CD-en som EDO har spela inn og som inneheld 12 sjølvlagde låter. Den har vore spela både titt og ofte – akkurat som "Lubbesilda".

Av Ola Matti Mathisen



Dette er EDO: Ove Eikemo frå Valen, Lars Johan Ekeland frå Valen, Frode Kaldestad frå Sunde, Finn Tore Hellesen frå Sunde og Jan Kristian Hellesen frå Husnes. (Foto: Privat).